

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato: 15.11.2005  
Sakshandsamar: Ingvill Skogseth  
Saka gjeld: **Statistikk frå Norsk Pasientskadeerstatning**

**Styresak 108/05 B**

**Styremøte 23.11. 2005**

---

## Bakgrunn

Det er utarbeida statistikk over erstatningskrav knytt til pasientskader for dei regionale helseføretaka. Statistikken viser halvårstal for 2005 og heilårstal for 2004.

Rapporten er tilgjengeleg på [www.npe.no](http://www.npe.no)

## Kommentarar

### Mottatte saker

Første halvår 2005 har NPE mottatt 1416 saker som gjeld behandling ved dei fem regionale helseføretaka. Av disse vedkjem 18 prosent (252 saker) Helse Vest. I heile 2004 mottok NPE 483 saker knytt til Helse Vest. Auken i meldte krav skuldast truleg først og fremst at fleire har fått kunnskap om ordninga.

Pasientar behandla i Helse Bergen HF står for 46 prosent av sakene i første halvår 2005, medan pasientar behandla i Helse Stavanger HF står for 26 prosent av sakene i Helse Vest.

### Klagar får medhald /avslag

Medhaldsandelen for klagar i Helse Vest er på 41 prosent, som er over landsgjennomsnittet. Andelen var 40 prosent i 2004.

### Spesialitet

Tal frå Helse Vest første halvår 2005 viser at 37 prosent av sakene gjeld ortopedi og 17 prosent dreier seg om onkologi.

## **Medhaldssakene**

For at ein pasient skal få medhald i erstatningskravet, må det ligge føre svikt ved yting av helsehjelp. Nokre få krav har fått medhald på grunn av alminnelege erstatningsreglar.

Tal frå Helse Vest viser ein høgare andel medhald på grunn av diagnostisering samanlikna med fordelinga på landsbasis, mens andelen medhald på grunnlag av infeksjon er lågare. Dei andre tala som fordeler seg på skade påført i forbindelse med undersøking, pleie, informasjonsplikt eller teknisk svikt ligg tett opp til fordelinga på landsbasis.

## **Utbetalinger**

Erstatninga skal først og fremst dekke økonomisk tap og utgifter pasienten har fått som følgje av behandlingsskaden.

For dei regionale helseføretaka er det totalt utbetalt 212 millionar kroner første halvår 2005. I heile 2004 blei det utbetalt 363 millionar kroner. Første halvår 2005 er det utbetalt 38 millionar kroner til pasientar som har blitt behandla i Helse Vest. I heile 2004 blei det utbetalt 76 millionar kroner. Utbetalinger ved det enkelte helseføretak kan variera mykje på grunn av tilfeldige variasjonar. Ikkje minst totalsummen blir påverka av store utbetalinger. Første halvår 2005 og i heile 2004 blei det utbetalt mest i forbindelse med behandling gitt ved Helse Bergen HF.

Saker knytt til ortopedi står for størst andel utbetalinger både første halvår 2005 og i 2004.

## **Forslag til vedtak**

Saka blir tatt til orientering.